

## Utkast til informasjonstekstar/invitasjonar til bruk i e-postar, på intranett osv.

### Invitasjon til ei gruppe som skal ta kurset samtidig

Hei!

Ta vel imot Else og Lars. Dei jobbar i ei verksemd som vår, og snart kjem dei til oss med nettkurset «Oi, på nynorsk!».

Kurset er eit innføringskurs for usikre nynorskskribentar. Det gjev deg verktøy som gjer deg tryggare på å bruke nynorsk i arbeidskvardagen. [Du finn kurset her.](#)

Kurset har sju delar pluss ein kviss, og det tar 45–60 minutt å gjennomføre heile kurset. Du kan navigere fritt, men vi tilrår at du tar det i den foreslåtte rekkefølga. Når du har tatt heile kurset, kan du laste ned diplommet!

[Namnet til direktøren / annan leiar] ber alle ta kurset denne veka og hengje opp diplommet ein stad der alle ser det. [Namn] håper du engasjerer deg i denne kompetansehevinga. Det er med på å styrkje omdømmet vårt og betre servicen vår.

Beste helsing

### Når de skal ta kurset som del av ei læringsløype eller ein kampanje

#### FØR OPPSTARTEN

Hei!

[Dei neste 14 dagane skal vi saman heve nynorskkompetansen her hos oss! Det blir kurs, aktivitetar, premiar og anna moro.

Ta vel imot Else og Lars. Dei jobbar i ei verksemd som vår, og snart kjem dei til oss i form av nettkurset «Oi, på nynorsk!». Kurset er eit innføringskurs for usikre nynorskskribentar, og i kurset får du verktøy som gjer deg tryggare på å bruke nynorsk i arbeidskvardagen. [Du finn ein smakebit her.](#)

Måndag brakar det laus. Då får de lenkje til ein kartleggingstest og til nettkurset.

[Namn på direktøren / annan leiar som kampanjen er forankra hos] ber alle gjennomføre kurset seinast [10.10.] og hengje opp diplommet ein stad der alle ser det. Vi håpar du engasjerer deg i denne kompetansehevinga. Det er med på å styrkje omdømmet vårt og betre servicen vår.

Beste helsing



Frisk opp nynorsken med nettkurset «Oi, på nynorsk! »

## VED KAMPANJESTART

God morgon!

Er du klar til å bli ein tryggare nynorskskribent?

### Nullmåling

Vi gjer ei lita «nullmåling» i dag: Ta den grunnleggjande kartleggingstesten her:

<http://offentlegrom.sprakradet.no/skolen/kartleggingstest>

Når du er ferdig, tar du ein skjermdump av resultatet (eller bruker utklippverktøyet) og sender resultatet til oss. Gjekk det dårleg? Ingen fare, vi skal berre bruke resultatet i anonymisert statistikk, og du får høve til å lære masse den neste tida!

No er du klar til å møte Else og Lars og ta kurset «Oi, på nynorsk!». [Du finn kurset her.](#)

Kurset består av sju delar pluss ein kviss, og det tar 45–60 minutt å gjennomføre heile kurset. Du kan navigere fritt i kurset, men vi tilrår at du held deg til rekkjefølgja kurset legg opp til. Når du har tatt heile kurset, kan du laste ned diplommet og hengje det opp på skryteveggen.

Beste helsing

## UNDER KAMPANJEN

Hallo!

No er vi godt i gang. Takk til alle som har sendt resultatet av kartleggingstesten!

Sjuk i går? Det går bra, berre send resultatet i dag!

Vi har også observert eit par kursdiplom rundt om! Veldig bra.

Vi oppmodar dessutan alle til å skrive alle interne e-postar på nynorsk denne veka! Tar du utfordringa?

Får du ein god e-post, nominer han i kategorien «beste interne e-post» til premiedrysset på

[\[seminaret/fredagskaffien/lunsjmøtet\]](#)!

Beste helsing



Frisk opp nynorsken med nettkurset «*Oi, på nynorsk!*»

### Antal andelar?

*Andel* og *antall* skriv vi ofte på bokmål. På nynorsk bruker vi helst *del* og *tal*. Ofte trengst det ein preposisjon i tillegg. Vi kan til dømes skrive at *delen av eldre i folkesetnaden har auka*, eller at *talet på virusåtak har gått opp*. *Åtak* er forresten ein god avløyssar til *angrep*, men både orda står i ordboka.

På nynorsk er ord som byrjar med stavingar som an- og be- eller endar på til dømes -heit eller -else, mindre brukte enn dei tilsvarande orda på bokmål. Nokre er rett nok heilt gjengse på nynorsk òg (som *openheit* og *begynne*), men ofte finst det gode avløyssarar.

[Les meir om ord på -heit her.](#)

### Rådgivar eller rådgjevar?

Både nynorsk og bokmål har stor valfridom, og det set krav til språkkjensla hos språkbrukarane. Tenk gjennom korleis du vil at nynorsken din skal vere!

- a-infinitiv eller e-infinitiv?
- *me* eller *vi*?
- *skole* eller *skule*?
- *komme* og *velkommen* eller *kome* og *velkomen*?
- *bygge* og *sitte* eller *byggje* og *sitje*?
- *gjev* eller *gir*?

I nettkurset står det *gje*, men det kunne like gjerne ha stått *gi*. På nynorsk er desse verbformene jamstilte og har vore det lenge. Vi har dessutan langforma *gjeve/gjeva*. Du kan velje fritt mellom desse formene, men du må vere konsekvent i heile bøyingsmønsteret. Skriv du *gi*, må du altså skrive *gir* og har *gitt*, men etter *gje* (og *gjeve/-a*) følgjer *gjev* og har *gjeve*. Vi har fleire ord som er knytte til dette verbet, til dømes *rådgjevar* og *rådgjeving*. Hugs at kravet til konsekvens òg gjeld for slike avleiingar. Ein *rådgjevar gjev* råd, medan ein *rådgivar gir* råd. Eit anna ord vi kan ha bruk for i forvaltninga, er *grunngeving/grunniving* (bokmål: *begrunnelse*).

[Du finn rettleiing om konsekvent nynorsk her.](#)

### Månader eller månadar?

Hovudregelen for hankjønnsord i fleirtal er at dei andar på *-ar* og *-ane* (*rapportar – rapportane*). Frå skuledagane hugsar du kanskje at hankjønnsord på *-nad* (*månad*) og *-a* (*kollega*) skulle bøyast på ein spesiell måte, nemleg med *-e* i staden for *-a* i fleirtal (*månader* og *kollegaer*). Dette vart endra då den nye nynorskrettskrivinga kom i 2012. No kan du velje å halde deg til hovudregelen òg for desse orda (*månadar – månadane* og *kollegaar – kollegaane*) eller framleis å bøye dei på den tradisjonelle, avvikande måten (*månader – månadene* og *kollegaer – kollegaene*). Den tradisjonelle bøyinga med *-er* og *-ene* ligg kanskje betre i munnen for somme, men oppmjukinga gjer at dei aller fleste hankjønnsorda kan følgje standardmønsteret.

Vil du lære meir, òv deg i [nynorsk øvingsrom](#). Her kan du terpe på akkurat det du treng mest.



Frisk opp nynorsken med nettkurset «*Oi, på nynorsk!*»